

**Utbyggjar må bekosta høgdebasseng**

11.10.2012

**Det er ikkje avklara om det blir naudsynt med høgdebasseng i Ospelunden. men må det byggjast, vert dette i vesentleg grad å bekosta av utbyggjar, sleg Uskedal Vassverk fast. Utbyggjar skal og dekkja alle kostnader med prosjektering og tilretteleggjing.**

**Byggjesteg nummer 1 vil omfatta 12 einebustader og 5 tomannsbustader - tilsaman vert det 22 bueiningar. Planane vert no gjennomgått og det vil bli innvilga vatn til første byggjesteg hvis dei blir funne i orden.**

Det eventuelle høgdebassenget bør plasserast med botn på kote 70-75. Vassverket ynskjer ikkje høgare plassering enn kote 75 for å vere sikra naturleg fylling,

Før dei vert tilknytta nettet skal kvar bueining betala ei tilknytningsavgift som no er 15 000 kroner og så kjem den årlege vassavgifta i tillegg.

Også delinga av bustadtomter er no i gang og Dag Olav Haugland har fått frådelparsell nummer 14 - i samsvar med reguleringsplanen.

Av Ola Matti Mathisen